

Fra: Yngve Tranøy (Yngve.Tranoy@vossenergi.no)

Sendt: 19.03.2018 10:55:59

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi: Ole-Reidar Flatby

Emne: Ynskjer avklaring vedrørende § 9 - Undersøkelsesplikt ifbm prosjektering og bygging av Lussand Kraftverk i Granvin Kommune

Vedlegg: image001.jpg;Lussand kraftverk i Granvin kommune i Hordaland - departementets vedtak.pdf;Avslag-Lussand-2.pdf

Hei.

Me treng ei avklaring vedr. Kulturminne og undersøkelsesplikta i samband med detaljplanlegging av Lussand Kraftverk:

1. 31.03.2016 vart Lussand Kraftverk i Granvin kommune tildelt konsesjon etter handsaming i OED. Det vart opphavleg søkt om eit stort kraftverk med ca 14 GWh produksjon. Dette inkluderte nedbygging av to fossar i Fjordlandskapet og søknaden vart avslått. Det vart søkt på nytt (planendringsøknad) med inntak under fossane. Dette er det no gitt konsesjon til å bygge (5 GWh).

2. 26.01.2006 gav HFK ein høyringsuttale til opphavleg plan. Det er skrive fylgjande om kulturminne i saksframlegget slik det kjem fram i NVE sitt KTI-notat nr 54/2007 (vedlagt) ;

«I Følgje konsesjonssøknaden vert ikkje kulturminne direkte råka av utbygginga. Historiske arkiv gav indikasjonar på at gamletunet på Lussand (Giljarhus) og ein gravhaug kunne ligge i utbyggingsområdet, men av di dei ikkje var kartfesta kunne ein ikkje ta stilling til saka utan synfaring. På synfaringa vart det klart at det var god avstand mellom tenkt røyrgate og desse kulturminna. Røyrgata går i nedre del elter gards/skogsveg oppover lia mot vest. Eit stykke opp i lia dreier røyrtraseen mot aust. Dette området er gammal slåttemark, men som no er attgrodd med lauvskog. Heilt opp til stølsbrua ved vårstølane var det stadvis kulturminnespor. Aust om røyrtraseen ved vårstølane vart det påvist fleire hellarar og steingardar.

Slik planane ligg føre er det ikkje direkte konflikt mellom synlege kulturminne frå eldre eller nyare tid. Lussandgarden ber preg av å vere eit mykje intakt kulturlandskap der tufter og utmarksråtter framleis er synlege og har historisk informasjon knytt til seg.»

Trase for nedre del av røyrgata er den same i planendringsøknaden som i opphavleg søknad - og dengang (2006) vart det vedteke at « Fylkesutvalet rår til at Lussand Kraftverk får løyve til utbygging som omsøkt».

3. Voss Energi har leid inn Multiconsult til å utarbeide Plan for landskap og miljø som skal oversendes til NVE med det første. Vi som utbygger skal avklare følgende med fylkeskommunen slik det kjem fram i tildelingsbrevet (vedlagt):

«Post 6: Automatisk fredete kulturminner

Utbygger må ta den nødvendige kontakten med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminneloven § 9 før innsending av detaljplan. Departementet minner om den generelle aktsohmetsplikten med krav om varsling av aktuelle instanser dersom det støtes på kulturminner i byggefase, jf. kulturminneloven § 8 (jf. vilkårenes pkt. 3).»

4. Voss Energi trur at vår plikt ift §9 er ivaretake gjennom søknadsprosess, konsekvensutgreiing og høyringsfråsegn (inkl synfaring) som fylkeskommunen har deleke på, jf pkt 2 over. Multiconsult ynskjer likevel at vi skal ta ein avsjekk med HFK før innsending av detaljplan. Me er sjølv sagt klar over aktsohmetsplikta.

Er me pålagd nokre fleire undersøkingar ift §9, eller kan me sende inn detaljplan til NVE utan meir undersøking?

Håpar på hurtig tilbakemelding. Ikkje nøl med å ta kontakt om noko er uklart.

Med venleg helsing

Yngve Tranøy
Prosjekt- og utviklingssjef

Voss Energi Produksjon AS
Brynalii 66 | Postboks 205, 5702 Voss
Mobil: + 47 92210098
yngve.tranoy@vossenergi.no



firmapost@vossenergi.no | www.vossenergi.no